

# Russ

Dei som er russ, er ungdommar som feirar at dei snart er ferdige med å gå på vidaregåande skule. Feiringa startar i mai og varer heilt til 17. mai.

Russen har på seg russeklede. Det er drakter i ulike fargar.

Fargen på drakta fortel noko om kva slags skule russen har gått på. Dei vanlegaste fargane er raud og blå, men nokre er også svarte eller grønne. Barn i barnehagen kan også vere med, og dei blir kalla rosaruss.

Mange barn likar russetida fordi russen deler ut russekort. På 17. mai prøver dei å samle så mange russekort som mogleg.

Russen gjer også morosame oppgåver som blir kalla russeknutar. Når dei klarer ei oppgåve, får dei ein knute i lua si.

Nokre russ har russebussar eller russebilar. Mange brukar mykje tid og pengar på å dekorere bussar og lage musikk som blir spelt under russetida.



*Spørsmål til teksten:*

1. Kva feirar russen?

---

---

2. Kva slags klede brukar russen?

---

---

3. Kva trur du er det beste med å vere russ?

---

---

---

4. Kvifor trur du det er viktig for mange å feire at dei er ferdige på skulen?

---

---

---